



## DET KONGELIGE KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

21/6023-

22. januar 2022

### Endra opptakskrav til grunnskulelærerutdanning og lektorutdanning

Kunnskapsdepartementet har endra opptakskrava til grunnskulelærerutdanning og lektorutdanning frå opptaket til studieåret 2022-2023. Søknadsportalen til Samordna opptak opnar 1. februar. Sidan 15. april er i påska, er søknadsfristen i år utsett til 20. april.

#### Om krava

Dei nye krava er dei same som blei sende på høyring 18. november 2021. For å bli tatt opp til grunnskulelærerutdanningane og femårig lektorutdanning, må søkarar dokumentere *anten* minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar) *eller* minimum 40 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar). Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk (for eksempel matematikk S1 og R1) med eit omfang på minst 140 årstimar eller tilsvarande. Sjå [§ 4-7](#) i forskrift om opptak til høgare utdanning.

For søkarar til den femårige lærerutdanninga i praktiske og estetiske fag, gjeld framleis krav om minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar). Dei som vel matematikk i utdanninga, må dokumentere minimum karakter 4,0 i faget. Endringa i opptakskrav til grunnskulelærer- og lektorutdanning innebér ei mindre språkleg justering i [forskrift](#) om rammeplan for lærerutdanning i praktiske og estetiske fag §3 (9).

#### Varig endring

I høyringa kom det spørsmål om krava er permanente eller ei overgangsordning, og om firarkravet vil bli avvikla. Krava som no er fastsette, er varige. Det er dei to alternative krava til saman som skal gi fleire kvalifiserte søkarar med ulike styrkar. Det er også viktig at

Postadresse  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse  
Kirkeg. 18  
www.kd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
872 417 842

Avdeling  
Avdeling for høgare  
utdanning, forskning og  
internasjonalt arbeid

Sakshandsamar  
Ellen Birgitte Levy  
22 24 74 22

opptakskrava er føreseielege for søkerane og at krava dei har jobba mot ikkje endrar seg på kort varsel. Samstundes er det nedsett eit [utval](#) som skal føreta ein heilskapleg gjennomgang og ei vurdering av regelverket for opptak til høgare utdanning. Denne utgreiinga kan på sikt òg få konsekvensar for opptaket til lærarutdanning. Slike endringar blir varsla i god tid.

### **Trygg sakshandsaming**

Det har kome fram uvisse om opptakssystemet vil takle dei to alternative opptakskrava. Kunnskapsdepartementet forsikrar at søkerane ikkje skal bli offer for tekniske problem ved gjennomføringa av opptaket. Krava vil ikkje bli endra undervegs, og alle søknadar vil bli handsama.

### **Gratis nettbasert matematikkurs – frist 1. februar**

For å kvalifisere for opptak til lærarutdanning, vil nokre søkarar trenge å løfte seg til karakter 3 eller 4 i matematikk, eller dei treng eit høgare karaktersnitt. Derfor finansierer Kunnskapsdepartementet eit nasjonalt, nettbasert matematikkurs ved Universitetet i Sørøst-Noreg. Kurset, som i år blir arrangert for tredje gang, er gratis og har gitt gode resultat.

**Deltakarane må melde seg på til privatisteksamen og betale for den sjølv.** Frist for å melde seg til privatisteksamen og til matematikkurset, er 1. februar. Meir informasjon finnast her: <https://www.usn.no/studier/matematikkurs-for-kommende-larere/>

Vi ber om at dei instansane som mottar dette brevet ser til at informasjonen om opptakskrava og matematikkurset kjem vidare til dei som skal søke høgare utdanning.

Med helsing

Audun Digerud (e.f.)  
avdelingsdirektør

Ellen Birgitte Levy  
utgreiingsleiar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

**Adresseliste:**

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse

**Kopi:**

ANSA

Barne- og familiedepartementet

Creo

Elevorganisasjonen

Fagforbundet

Forskerforbundet

Justis- og beredskapsdepartementet

KS

Landsorganisasjonen i Norge

Likestillings- og diskrimineringsombudet

Lærerorganisasjonene

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen

NAV

Norsk Kulturskoleråd

Næringslivets hovedorganisasjon

Pedagogstudentene i Utdanningsforbundet

Sametinget

Sikt Kunnskapssektorens tjenesteleverandør

Statens lånekasse for utdanning

Utdanningsdirektoratet

Unio

Universitets- og høyskolerådet